

Svært vellukka Basecamp Uskedalen også i år.

02.09.2018



Eystein Harsjøen (med caps) og Nils-Fredrik Solem mellom telta.

- Vi er alltid heldige med veret på Basecamp Uskedalen, sa leiaren av arrangementet i fjor til oss. Og veret slo til også i år! I helga er 45-50 fjellsportarar samla på Rabben Feriesenter i samband med at dette tradisjonsrike opplegget går av stabelen. Deltakarane nyttar seg av det den vakre naturen og fjella rundt oss har å by på.



Nokre av telta i campen.

Då eg var nedom Rabben Feriesenter ut på ettermiddagen laurdag, treffe eg på Eystein Harsjøen og Nils-Fredrik Solem som begge har turleiaroppgåver i helga. Dei kunne fortelja om ein fullteikna camp der det var opna for 35 plasser. Med turleiarar, styret og dei som organiserer Basecamp Uskedalen, kunne dei fortelja at det var 45-50 fjellsportarar frå Bergensområdet på Rabben Feriesenter denne helga. Dei budde i hytter og telt. Ikkje mindre enn 18 telt talde eg til. Det er DNT Fjellsport Bergen som står for arrangementet som er svært populært, og Basecamp Uskedalen 2018 er truleg den 13. i rekkja.

Då eg snakka med Eystein og Nils-Fredrik, var framleis mange ute på ulike turopplegg, både på bre, i Rosendalsfjella og i Uskedalsfjella. 6 deltakarar pluss guide var til dømes på Englafjellstur medan 5 lag var på klatring i veggjen i Ulvanåso.

Programmet for søndagen hadde også mykje spennande å by på. Nils-Fredrik Solem skulle vera leiar på tur til

Melderskin medan Eystein Harsjøen skulle ha ei gruppe med seg på løpetur på Hauglandsfjellet. Han rekna med at dei kom til å ta turen opp skogsvegen på Myklebust før dei sprang innover fjellet. Returen ville mest sansynleg gå same veg. Elles nemnde dei at både tur til Gygrastolen og klatring i Vetletind var på programmet.



[Den tradisjonsrike grillinga med laks på menyen er svært populær. Steinar Myklebust er kvart år grillmeister.](#)

Då eg snakka med dei, venta dei på at grillen ved servicebygget skulle fyrast opp. Kl.19 var det nemleg klart for sosialt samvær med grilling. Grilla laks med salat har vore på menyen om laurdagskvelden i alle år. Det er tydelegvis svært så populært!! Det er vertskapet på Rabben Feriesenter som skaffar til vege laks og marinerer og klargjer den.

Basecamp Uskedalen er tydelegvis svært populær. Lovorda eg får høyre om både naturen vår og Rabben Feriesenter er like mange og sterke kvart einaste år. Og vi er svært glade for at denne spreke gjengen kjem att år etter år og set slik pris på det vi har å by på.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Magne L. Heggøy og Thor Inge Døssland